



PROTOKOLL

FRÅ

STYREMØTE

17. APRIL 2015

(4/15)

Det blei halde styremøte fredag 17. april 2015, kl. 1010 i Norges Sildesalgslag sine lokale, Slottsgaten 3, 5003 Bergen.

Følgjande deltok: Kåre Heggebø, leiar
 Mons Eivind Troland, nestleiar
 Frank Midtbø
 Finn Magnus Alvestad
 Knut Arne Torget
 Jarle Glesnes
 Daniel Stenevik
 Trygve Vea (v.m. for Helge Olav Vikshåland)

Kontrollnemnda: Jakob Magnar Jakobsen, leiar

Frå administrasjonen: Britt Sæle Instebo

Følgjande sakliste blei lagt fram for møtet:

- SAK 18/15 Forslag til vedtak til årsmøtet m.m.
- SAK 19/15 Innsilling frå «Utvalg som har behandlet spørsmål om utvidet redskapsfleksibilitet i garn- og snøregruppens fiske etter makrell.»
- SAK 20/15 Forslag til endringer i manntallsforskriften og ervervstillatelsesforskriften.
- SAK 21/15 Fiske med lys i Heiamarkpollen – saka vidare.
- SAK 22/15 Strukturvoteordningane i kystflåten over 11 m – spørsmål om justering av kvotetakene m.v.
- SAK 23/15 Representasjon.
- SAK 24/15 Oppnemning.
- SAK 25/15 Administrativt handsama saker.
- SAK 26/15 Referatsaker.

SAK 18/15 FORSLAG TIL VEDTAK TIL ÅRSMØTET M.M.**VEDTAK:**

«Forslag til vedtak blir lagt fram på årsmøtet.»

SAK 19/15 INNSILLING FRÅ «UTVALG SOM HAR BEHANDLET SPØRSMÅL OM UTVIDET REDSKAPSFLEKSIBILITET I GARN- OG SNØREGRUPPENS FISKE ETTER MAKRELL.»**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest sluttar seg til følgjande «oppsummering av utvalgets forslag», og ber Norges Fiskarlag følgje opp saka slik at reguleringa kan tre i kraft i 2015:

- Anbefaler at alle fartøyene i garn- og snøregruppen gis anledning til å benytte not i fiske etter makrell under gitte forutsetninger.
- Tiltrår at fartøy i garn- og snøregruppen med hjemmelslengde på 13 meter og større og med største lengde på 14 meter og over også gis anledning til å benytte not i fiske etter makrell.
- Tiltrår som en prøveordning for 2015 at fartøy både med hjemmelslengde under 15 og største lengde under 15 meter gis anledning å fiske overregulert kvote (maksimalkvoten) med not. Effekten av dette evalueres etter 2015-sesongen.
- Setter imidlertid som en klar forutsetning at en inkludering av fartøy både med hjemmelslengde over 15 meter og største lengde over 15 meter i redskapsfleksibilitetsordningen må basere seg på at disse kun kan fiske den garanterte fartøykvoten med not.
- Mener at det fortsatt er en reell fare for at garn- og snørefisket kan bli «utradert» dersom det gis en generell adgang til at også fartøy med største lengde over 15 meter kan bruka not i fiske etter makrell.
- Mener derfor at det er helt nødvendig å etablere et «vanntett skott» knyttet til de fartøyene med garn- og snøreadgang som både har hjemmelslengde og største lengde under 15 meter. Utvalget går inn for at dette må løses ved å innføre en regel om at slike garn- og snøreadganger ikke kan «flyttes» over til fartøy med største lengde på 15 meter og over, verken i forbindelse med en ren fartøyutskiftning eller i forbindelse med strukturering.
- Tiltrår at det etableres et unntaksregime for fartøy som allerede har hjemmelslengde under 15 meter og største lengde over 15 meter, ved at det fastsettes en skjæringsdato (forskriftsendringsdato), hvor det etter denne datoen

ikke lenger kan «flyttes» garn- og snøreadganger med hjemmelslengde under 15 meter over til fartøy med største lengde på 15 meter og over.

- Tiltrår at også fartøy i kystgruppen også gis anledning til å bruke partrål/pelagisk trål i makrellfisket. Utvalget forutsetter videre at fartøy med garn- og snøreadgang som velger å benytte partrål/pelagisk trål underlegges de samme kvotereguleringsbestemmelsene som ved fiske med not mht. å kunne fiske maksimalkvote eller garantert kvote.
- Går inn for at fartøy med garn- og snøreadgang med hjemmelslengde under 15 meter og største lengde under 15 meter gis anledning til samfiske i fisket etter makrell. Slikt fiske må utøves som et låsettingsfiske.
- Er av den oppfatning at, i og med at det fortsatt legges opp til et overregulert fiske i garn- og snøregruppen for en del av fartøyene i denne reguleringsgruppen (både hjemmelslengde og største lengde under 15 meter), så bør det fortsatt etableres en forhåndsfastsatt refordelingsdato. Denne tiltrås satt til midten av september, slik som tidligere.
- Når det gjelder hvilke fartøy som skal omfattes av en eventuell refordeling tiltrår utvalget at en viderefører etablert praksis med at det kun er de fartøyene (med angitt redskap) som har adgang til å fiske maksimalkvotene som også gis kvotetillegg gjennom refordelinger. Utvalget går inn for at eventuelle mindre restkvoter forutsettes overført til påfølgende års gruppekvote til garn- og snøregruppen. Dersom det imidlertid skulle oppstå en situasjon med en ekstraordinær høy restkvote mener utvalget at en må vurdere å inkludere alle fartøyene i garn- og snøregruppen i en refordeling.»

SAK 20/15 FORSLAG TIL ENDRINGER I MANNTALLSFORSKRIFTEN OG ERVERVSTILLATELSESFORSKRIFTEN.

VEDTAK:

«Styret i Fiskerlaget Vest er enig i at tidlegare fiskarar, som har blitt uføre, fortsatt skal kunne stå i fiskarmanntalet.

Styret meiner derimot at kravet må skjerpast til at ein må ha stått 5 av dei siste 10 åra, for fortsatt å ha rett til å stå i fiskarmanntalet om ein blir ufør.»

SAK 21/15 FISKE MED LYS I HEIAMARKPOLLEN – SAKA VIDARE.**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest ber leiar saman med administrasjonen skrive eit nytt brev til Norges Fiskarlag på bakgrunn av diskusjonen i saka.»

SAK 22/15 STRUKTURKVOTEORDNINGANE I KYSTFLÅTEN OVER 11 M – SPØRSMÅL OM JUSTERING AV KVOTETAKENE M.V.**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest meiner at om ein i det heile skal snakke om struktur i kystflåten må forutsettinga vere at ein opphever fylkesbindinga på torsk. Slik at ein har mest mogeleg likt grunnlag til å foreta struktur på uansett kor ein bur i landet, for om ein styrkar grunnlaget i nord, svekkar ein samstundes grunnlaget i sør for å drive kystfiske.

Primært ønskjer derfor styret ei generell oppheving av fylkesbindinga på torsk. Sekundært finn ein å kunne gå inn for to regionar, der grensa går enten mellom Nordland og Troms eller at «spesialkommunane» i nord Troms og Finnmarks blir ein region, og landet elles ein region.

Når det gjeld tak meiner styret på noverande tidspunkt at taket bør stå på 6, og at ein har full fleks innafor det.

Styret meiner at det er urealistisk at ein skal ha likt kvotetak i alle gruppene, og ein meiner dermed at det bør vere differensierte kvotetak, gjerne delt i to (over og under 15 m).»

SAK 23/15 REPRESENTASJON.

Årsmøte i Rogaland Fiskesalgslag 10.04.15 – Kåre Heggebø.

Austevoll vidaregåande skule 14.04.15 – Britt Sæle Instebo.

Årsmøte i Austevoll Fiskarlag 14.04.15 – Britt Sæle Instebo.

Årsmøte i Øygarden og Sotra Fiskarlag 15.04.15 – Britt Sæle Instebo.

Årsmøte i Vest-Norges Fiskesalgslag 16.04.15 – Jarle Glesnes.

Regionsamling Fiskeridirektoratet region sør 16.04.15 – Kåre Heggebø.

VEDTAK:

«Styret tar ovannemnde til orientering.»

SAK 24/15 OPPNEMNING.

- **Fisk og seismikk 23.-24.04.15, Hammerfest.**
Styret finn ikkje å kunne delta på seminaret da det er samstundes med årsmøtet vårt.
Leiaren i Eigersund og Sokndal Fiskarlag, Erling M. Skåtøy, deltar som innleiar på seminaret.

- **Norges Sildesalgslag 7.-8.05.15, Bergen.**
Styret oppnemner dagleg leiar Britt Sæle Instebø til å delta.
I tillegg deltar fleire av styremedlemene som representantar.

SAK 25/15 ADMINISTRATIVT HANDSAMA SAKER.

Følgjer vedlagt som eiga liste.

VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest tar lista til orientering.»

SAK 26/15 REFERATSAKER.

Følgjer vedlagt som eiga liste.

VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest tar lista til orientering.»

Møtet var slutt kl. 1530.

Kåre Heggebø
Leiar

Mons Eivind Troland

Frank Midtbø

Finn Magnus Alvestad

Trygve H. Vea

Knut Arne Torget

Jarle Glesnes

Daniel Stenevik

Britt Sæle Instebø
sekretær